



FJALER  
kommune

## Landbruksforvaltninga



Askvoll  
KOMMUNE

Det Kongelige Landbruks- og matdepartement  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 201000067	Doknr.: 4
Mottatt: 06 APR 2010	
Saksbeh.: ASR/SEB/	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.  
KDH 10/219-3

Dykkar ref.

Arkiv  
K2-V00, K3-&13

Dato:  
30.03.2010

### HØYRINGSUTTALE TIL FORSLAG OM ENDRINGAR I FORSKRIFT OM NYDYR KING

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kultur- og næringsutvalet ber landbruks- og matdepartementet om at det ikkje vert sett eit absolutt forbod mot nydyrking av myr  
.....

#### **22.03.2010 KULTUR OG NÆRINGSUTVALET**


##### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### KNU-022/10 VEDTAK:

Kultur- og næringsutvalet ber landbruks- og matdepartementet om at det ikkje vert sett eit absolutt forbod mot nydyrking av myr

Med helsing

  
Knut David Hustveit  
jordbrukssjef

Direkte tlf.: 57 73 31 38

Vedlegg: Samla saksframstilling

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Kultur og næringsutvalet	22.03.2010	022/10	KDH

Saksbeh  
Knut David Hustveit

Arkivsaknr  
10/219- 2

Arkiv  
K2-V00, K3-  
&13

## HØYRING - FORSLAG OM ENDRINGAR I FORSKRIFT OM NYDYR KING

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kultur- og næringsutvalet ber landbruks- og matdepartementet om at det ikkje vert sett eit absolutt forbod mot nydyrking av myr

### **22.03.2010 KULTUR OG NÆRINGSUTVALET**

#### **Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### KNU-022/10 VEDTAK:

Kultur- og næringsutvalet ber landbruks- og matdepartementet om at det ikkje vert sett eit absolutt forbod mot nydyrking av myr

### **SAKSDOKUMENT:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.03.2010	Det kongelige landbruks- og matdepartement	HØYRING - FORSLAG OM ENDRINGAR I FORSKRIFT OM NYDYR KING

**Saksutgreiing:**

Med bakgrunn i at dyrking av myr fører til vesentlege utslepp av dei to sentrale "klimagassane" CO<sub>2</sub> og lystgass gjer landbruks- og matdepartementet framlegg om at det ikkje skal vere lov å dyrke opp myr. I § 6 gjer departementet framlegg om eit nytt førsteledd der det heiter i første setning: *Nydyrking kan ikkje tillates på myr.*

**Vurdering:**

Vi ser at dyrking av myr er med å gjev auka utslepp av både CO<sub>2</sub> og lystgass og har forståing for at det er eit godt poeng å redusere slike utslepp mest mogleg. Vi ser også at momenta knytt til biologisk mangfald og kulturminne har noko å seie.

Vi saknar likevel to sentrale tilhøve i vurderingane.

Det første går på den globale matforsynings situasjon som har gjort til at vi har eit restriktiv lovverk som seier at dyrka og dyrkbar jord skal vernast. Sjølv om praktisk politikk, ikkje minst frå sentrale styresmakter, synest å vere alt anna enn restriktiv i ein del jordvernspørsmål er det likefullt ei faktum at vi treng meir mat, **mykje meir mat**, i framtida for å brødfø ein stadig aukande mengde menneske på kloden. Jordbruksdrift vil alltid føre med seg negative aspekt i ei eller anna form. Det gjer at den matforsynings situasjonen og dei klimautfordringa vi står overfor her vil stå i eit motsetningsforhold til kvarandre. Dette tilseier at dyrkbar jord må kunne takast i bruk i framtida. Det gjer at også myr, i gjevne situasjonar, må kunne takast i bruk i større grad.

Det andre tilhøvet er knytt til dagens situasjon for det landbruket vi har i våre område. Statlege rammevilkår har ført til ei strukturrasjonalisering som har gjeve oss stadig større driftseiningar. Med våre små og spreidde arealressursar er denne strukturrasjonaliseringsprosessen mange stader i ferd med å stanse opp. Fleire og fleire opplever at slik drift vert for arbeidskrevjande og dyr. Det er i denne samanheng viktig å ta med at det slett ikkje er miljøvenleg å drive slik. Marginale areal går ut av drift som følgje av desse same prosessane. Moglegheitene for å leige jord innan overkommeleg transportavstand er mange stader oppbrukte. For ei næring som i framtida skal forsyne oss med mat, men som i dag slit "på kanten av stupet" kan berre det å få ta i bruk nye areal vere av vital betydning.

Med dette som bakgrunn bør det ikkje settast eit absolutt forbod mot dyrking av myr.